

# ORGANISERT FORSKARUTDANNING VED UNIVERSITETET I BERGEN

## VESTNORSK NETTVERK – FORSKARUTDANNINGA

Samarbeid innan forskarutdanning for Vestnorsk Nettverk (VNN) er basert på rammeavtale frå 1995 og samarbeidsavtale frå 2001. Gjennom Vestnorsk Nettverk-Forskarutdanninga (VNN-FU) er det gitt aksept for at arbeidet med avhandlinga og rettleiinga kan skje ved ein institusjon utanfor UiB som UiB har ein institusjonsavtale med. VNN-FU, som er basert på det institusjonelle samarbeidet i VNN, gjer det også mogleg med hovudrettleiar ved ein institusjon utanfor UiB, når hovudrettleiar har dei nødvendige kvalifikasjonane til dette. I slike tilfelle krev UiBs PhD-reglement at det også skal vere ein medrettleiar ved det fakultet kandidaten blir knytt til.

I og med at det kandidatane skal takast opp og knytast til er eit godt fagmiljø eller faggruppe, vil ein også måtte dokumentere kompetansen og kvaliteten i det aktuelle forskingsmiljøet som kandidaten skal arbeide i utanfor UiB.

Høgskulane prioriterer internt kandidatar til opptak i VNN-FU. Ein ber høgskulane gjere seg kjend med avtaleverket ved opptak til organisert forskarutdanning ved UiB:

PhD-reglementet

Søknad om opptak

Avtale ved opptak til organisert forskarutdanning

Informasjon om PhD-graden

Rapporterings skjema

Finansiering av veiledning for kandidater som tas opp i VNN-FU PhD-utdanning

## **Finansiering**

Sjå "Avtale ved opptak til organisert forskerutdanning" del A om finansiering, arbeidsplass og utstyr, og del C om avtale mellom UiB og ekstern institusjon.

Gjennom prioritering av kandidatar til opptak i VNN-FU PhD-utdanninga pliktar høgskulane seg til å finansiere forskarutdanninga og sikre kandidaten tilfredsstillande løn og arbeidsvilkår. Forskarutdanninga skal utgjere minst 50 % av kandidaten si arbeidstid, og høgskulen skal gjennom formalisert avtale regulere permisjonsordningar og arbeidsoppgåver for avtaleperioden, slik at kandidaten skal kunne fullføre både den organiserte del av doktorgradsutdanninga og forskingsdelen (avhandlingsdelen) innanfor avtalefesta periode.

Det vil vere avgjerande at finansieringsperioden ikkje tek til før kandidaten har fått stadfesta opptak ved fakultetet og har kome i gong med PhD-prosjektet. Det tek tid å kome i kontakt med relevant forskingsmiljø og inngå avtale med rettleiar ved institusjonen. Før kandidaten søker opptak ved fakultetet reknar ein 3 månader til å utarbeide prosjektbeskriving. Det er viktig å sikre at forskingsprotokollen blir utvikla saman med det aktuelle forskingsmiljøet/forskningsgruppa. Høgskulen må derfor normalt rekne 25 % frikjøp/FoU-tid året før kandidaten tar til på sjølve avhandlingsarbeidet.

Høgskulen har plikt til å stille arbeidsplass og nødvendig utstyr til disposisjon for kandidaten. Ved prosjekt som krev særskild utstyr skal høgskulen på eit tidleg tidspunkt ta kontakt med UiB for å avklare dekning av utstyrskostnadene. I tillegg kjem reisestøtte til hospitering ved forskingsmiljø ved UiB og opphald ved utanlandske forskingsinstitusjonar.

## **Rettleiing**

Sjå "Avtale ved opptak til organisert forskerutdanning", del B om rettar og pliktar vedrørende rettleiing i avtaleperioden.

Det normale er at kandidaten har hovudrettleiar frå eit relevant forskingsmiljø ved UiB, og medrettleiar ved eigen høgskule. I VNN-FU prosjektet er det gitt aksept for at hovudrettleiar og forskinggruppa kan vere ved ein institusjon utanfor UiB, til vanleg ved kandidaten sin høgskule. Hovudrettleiar ved høgskulen vil vere den som sikrar kontakt med medrettleiar og fagmiljø ved UiB. For høgskular som har hatt eit hovudansvar for rettleiing og ansvar for forskingsmiljøet for kandidaten fram til fullført disputas tilbyr UiB ei utbetaling på kroner 50.000 pr. kandidat.

Gjennom samarbeidet i VNN kan ein fråvike residensplikta ved UiB. Det vil likevel vere vanleg at kandidaten i periodar hospiterer ved relevant fagmiljø/forskningsgruppe ved UiB. Antal og lengde på periodar for hospitering vil variere, og blir formalisert gjennom eigen avtale.

## **Prosjektbeskriving**

Prosjektbeskriving skal utarbeidast saman med rettleiar og forskingsgruppa eller fagmiljøet, og skal leggjast ved søknad om opptak til PhD-utdanninga. Innan 3 veker før søknadsfristen kviler ansvaret på hovudrettleiar ved høgskulen for å kontakte relevant fagmiljø ved UiB for å få med eventuelle justeringar av prosjektet. *Så lenge tema for planlagd PhD-avhandling ligg innanfor høgskulen sine satsingsområde, det er eit godt fagmiljø ved høgskulen, og høgskulen har relevant rettleiarkompetanse, kan tema liggje utanfor UiB sine hovudsatsingsområde.* Hovudrettleiar ved høgskulen er normalt den som sikrar kontakt med medrettleiar ved UiB.

UiB vil ynskje at det blir utvikla felles forskingsmiljø og -grupper mellom institusjonane i VNN.

## **Opplæringsdelen**

Ved søknad om opptak spesifiserer ein kor opplæringsdelen på minimum 30 studiepoeng skal skje. Plan for opplæringsdelen vert utarbeida saman med rettleiar. VNN-FU kandidatane har i ulik grad gjennomført kurs i vitenskapsteori med etikk/forskningsformidling. Desse kursa kan gå inn som del av skoleringsdelen i PhD-utdanninga.

## **Rapporteringsplikt**

Både kandidat og rettleiar skal årleg og kvar for seg levere framdriftsrapport til fakultetet innan 1. september. Rapportane skal òg leveras til relevant fagmiljø ved høgskulen, med kopi til UiB.

## **Disputas**

Disputasen vil administrativt ligge under UiB. Dersom fagmiljøet for avhandlinga er ved den aktuelle høgskulen, vil diputasen etter avtale med fakultet og rettleiarmiljø kunne leggjast til kandidaten sin høgskule.